
Saksnr: 2020/42410-6
Saksbehandlar: Lars Erik Lunde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2021

Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget stadfester at prosjektet Ytre Steinsund bru skal gjennomførast som eit ferjeavløysingsprosjekt i tråd med investeringsplanen i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024.
2. Prosjektet vert lyst ut på anbod, først bygging av veg i 2021 deretter bygging av bru.
3. Før kontrakt vert inngått på bygging av veg skal det vere gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av prosjektets totale kostnader (KS2).
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne byggestart under føresetnad av at KS2 er innanfor kostnadsramma for prosjektet på 775,1 mill. 2021-kr.

Samandrag

I tråd med retningslinjene for ferjeavløysing skal fylkestinget gjere nytt vedtak eller stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla av departementa.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har no fastsett årleg beløp med ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden for prosjektet Ytre Steinsund bru. Prosjektet vil utløyse 21 446 000 kroner (2020-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar, over ein utbetalingsperiode på 22 år.

Fylkesrådmannen tilrår i saka at:

- fylkestinget stadfester at prosjektet Ytre Steinsund bru skal gjennomførast som eit ferjeavløysingsprosjekt.
- prosjektet vert lyst ut på anbod, først bygging av veg i 2021 deretter bygging av bru.
- før kontrakt vert inngått på bygging av veg skal det vere gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av prosjektets totale kostnader (KS2).
- fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne byggestart under føresetnad av at KS2 er innanfor kostnadsramma for prosjektet på 775,1 mill. 2021-kr.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 26.11.2020

2 Vedlegg til brev datert 26.11.2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I desember 2017 søkte Sogn og Fjordane fylkeskommune om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet Ytre Steinsund bru. I følgje pkt. 4.8 i retningsliner for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer (sist revidert 7. oktober 2020) skal fylkestinget gjere nytt vedtak eller stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla av departementa.

Samferdselsdepartementet stadfesta i brev av 13. september 2018 at prosjektet blir godkjent, under føresetnad av at fylkestinget gjer eksplisitt vedtak om finansieringsplan i samsvar med saksframlegg for fylkestinget i desember 2017.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev datert 26.11.2020 fastsett det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. pkt. 1 i reglement for økonomiforvaltninga.

Vurderingar og verknader

I sak 55/2017 til fylkestinget i Sogn og Fjordane og i søknaden om ferjeavløysingsmidlar vart det lagt til grunn følgjande finansieringsplan for prosjektet:

Bru over Ytre Steinsund skal finansierast med fylkeskommunale midlar. Totalt må det løyvast 770 mill. 2018-kr. Forventa prosjektkostnad er 700 mill. kr. I tillegg vert det sett av 70 mill. kr for å ta høgde for ev. auka kostnader i prosjektet.

Prosjektet vert finansiert med eit låneopptak på 624 mill. kr og mva. refusjon på 146 mill. kr . Ferjeavløysingsmidlane vert nytta som bidrag til å dekkje avdrag på fylkeskommunalt lån.

I vedtaket vart det vidare sagt at «Fylkestinget har som intensjon å realisere prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru som eit ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget vil ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal - og moderniseringsdepartementet.»

Berekning av årlege ferjeavløysingsmidlar og utbetalingsplan

I brev datert 26.11.2020 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet no fastsett det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden. Berekninga er utført med grunnlag i inntektssystemet for 2017 og retningslinjene for ferjeavløysing som gjaldt i 2017.

Ytre Steinsund vil utløyse 21 446 000 kroner (2020-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar, over ein utbetalingsperiode på 22 år. Ferjeavløysingsmidlane vil bli prisjustert med kommunal deflator fram til utbetalingane startar, og vidare med 2,5 prosent i heile utbetalingsperioden.

Til berekning av utbetalingsperioden har departementet lagt Statens vegvesens kostnadsoverslag på 688 mill. kroner i 2017-kroner / 702 mill. kroner i 2018-kroner til grunn. Omrekna til 2020-kroner (med kommunal deflator) blir det 744 mill. kroner. Det gjev ein meirverdiavgiftsrefusjon på 141 mill. kroner (19 pst. meirverdiavgift som lagt til grunn i finansieringsplanen) og 603 mill. kroner i fylkeskommunalt lån.

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar på 21,446 mill. kroner i 2020-kroner blir prisjustert med 2,5 prosent kvart år i heile utbetalingsperioden. Med anslått beløp som skal dekkjast av ferjeavløysingsmidlar på 603 mill. kroner i 2020-kroner, gjev det ein utbetalingsperiode på 22 år.

Prosjektløyving og finansieringsplan

I framlegg til Budsjett 2021 / økonomiplan 2021–2024 er det sett av ei løyving til prosjektet på 773,8 mill. 2021-kr

Løyvinga er fordelt med 51,4 mill. kr i 2021, 350,5 mill. kr i 2022 og 371,8 mill. kr i 2023. Prosjektet er finansiert med mva. refusjon på 147 mill. kr og lånemidlar på 626,8 mill. kr.

I tillegg til dette har prosjektet ei løyving på 1,2 mill. kr i 2020.

Ferjeavløysingsmidlane vert utbetalt over rammetilskotet frå og med budsjettåret etter at ferjesambandet er avløyst.

Vidare arbeid med prosjektet

Bygging av Ytre Steinsund bru er eit stort investeringsprosjekt for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen ønskjer derfor at det vert gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av kostnadsoverslaget. Dette vil bidra til at vi får ein større sikkerheit for at kostnadsoverslaget i prosjektet held. Arbeidet med prosjektering og anbudsutlysning vil halde fram parallelt med KS2-gjennomgangen.

I pkt. 3.1.2 i reglement for delegering til fylkesrådmannen er det sagt følgjande om investeringsprosjekt:

Igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner skal leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

For å unngå forseinkingar i prosjektet tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne byggestart føreset at KS2-gjennomgangen er innanfor kostnadsramma for prosjektet på 775,1 mill. 2021-kr.

Dersom kostnadsoverslaget etter KS2-gjennomgangen syner at vi overstig kostnadsramma for prosjektet på 775,1 mill. 2021-kr vil fylkesrådmannen kome tilbake med ei ny sak til fylkestinget.

Økonomi: Prosjektet Ytre Steinsund bru er eit stort investeringsprosjekt med kostnadsramme på 775,1 mill. kr (med +/- 10 pst. uvisse i kostnadsanslaget). Ev. overskridingar i prosjektet kan såleis få konsekvensar for den samla økonomien til fylkeskommunen. Det vil vere fylkeskommunen som ber den samla økonomiske risikoen i prosjektet slik som for andre investeringsprosjekt på fylkesvegnettet. Det vil ikkje bli gjort endringar i ferjeavløysingsmidlane dersom prosjektet skulle bli dyrare enn føreset.

Klima: Prosjektet inneberer bygging av ei bru på 835 meter og 4365 meter ny veg. Bygging av prosjektet vil føre til ein auke i klimagassutslepp i byggeperioden. Når prosjektet er fullført vil det erstatte dagens ferje mellom Daløy og Haldorsneset. Den samla effekten av tiltaket på lang sikt er ikkje berekna.

Folkehelse: ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): ikkje relevant

Konklusjon

Utrekningane om årlege ferjeavløysingsmidlar og utbetalingsperiode som no er fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet er i tråd med det som er anteke for dette ferjeavløysingsprosjektet. Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget gjer vedtak som stadfester vidare arbeid med realisering av ferjeavløysingsprosjektet i tråd med investeringsplanen i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024.

Fylkesrådmannen rår også fylkestinget til å gjennomføre ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av kostnadsoverslaget, samt godkjenne at fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne byggestart under føresetnad av at KS2-gjennomgangen er innanfor kostnadsramma for prosjektet på 775,1 mill. 2021-kr.